



Barne- og familieminister Kjersti Toppe
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Dykkar referanse: 22/2000-4
Vår referanse: 2022/100
Dato: 25.08.2022
Publikasjonsnr.: NIM-B-2022-016

Styrking av strukturar og system for innhenting av kunnskap frå barn

Noregs institusjon for menneskerettar (NIM) takkar for møtet vårt den 20.06.2022, der vi diskuterte barn sin rett til medverknad på eit systemisk nivå. Vi takkar også for brevet ditt frå 04.07.2022. Vi er glade for at statsråden gjev uttrykk for eit ønskje om å få til best mogleg medverknad for barn og unge i tida framover.

Vi er einige i at det er ein god idé å arrangere eit møte for å få innspel til korleis ein kan styrke arbeidet med barn sin rett til medverknad gjennom eit samarbeid mellom styresmaktene, sivilt samfunn og ulike aktørar som NIM og Barneombodet. Vi kan gjerne medverke til arrangementa av eit slikt møte, mellom anna med å gje innspel til kven som bør delta. Om de ønskjer, kan vi også halde innlegg på eit slikt møte, til dømes om kva menneskerettane seier om barn sin rett til medverknad.

Helsing frå
for Noregs institusjon for menneskerettar

Adele Matheson Mestad
Direktør

Kirsten Kolstad Kvalø
Seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi: Barneombodet